



Habib – meininga med livet

Å få skikkeleg kjeft er absolutt ikkje ein del av meininga med livet. Læraren vår, Maja, kalla inn mamma til ein ekstra konferansetime og sa at eg hadde slurva kjempemykje med ei kjempeviktig oppgåve. Eg kunne ikkje hugse kva det var. Kanskje det hadde noko med kantina å gjere? Det hadde vore min tur til å hjelpe til på kjøkkenet, men det gløymte eg. Eg spelte fotball ute i staden.

Kanskje det ikkje var kantina? Kanskje det var fordi eg teikna Alex som ein appelsin i kunst og handverk? Alex er bestevennen min og ser ut som ein appelsin i ansiktet når vi spelar fotball.

Eller kanskje det var aktivitetsdagen for nokre dagar sidan? Heile 5. klasse var på tur til Skärholmsbadet. Eg klatra opp på 5-meteren då Maja såg meg. Ho skreik som ein galning og bad meg klatre ned igjen, og det gjorde eg.

Men det var ikkje om kantina, ikkje om appelsinen og ikkje om aktivitetsdagen. Maja fortalde mamma at eg hadde slurva med å skrive DAGBOK. Først då kom eg på

konferansetime:
møte mellom
læraren og
foreldra

kantine: ein
stad på skulen
der ein får
servert mat

at ho hadde mast om det kvar einaste veke sidan jul. Vi skulle skrive dagbok heime som lekse. Eg hadde tenkt å gjere det, men det var alltid noko som kom i vegen. Eg tenkte å seie at eg hadde skrive, men at eg ikkje ville vise det fram fordi ei dagbok er hemmeleg og privat. Men så hugsa eg at Gud ville straffe meg, for eg har lært at du kan BRENNE I HELVETE om du lyg.

Mamma blei monstertrist og sa at eg skulle skrive kvar veke og helst kvar dag. Elles kom ho til å dra inn vekepengane mine. Så det var berre å setje seg ved dataen og begynne. Det er det eg gjer no. Det er ikkje kult. Kvifor skal eg skrive dagbok når det finst så mykje anna som er kulare? Eg visste ikkje kvar eg skulle begynne. Eg meiner: Kva skriv du i ei dagbok? Mamma meinte eg skulle begynne med å skrive om familien min. Som om det skulle vere interessant!

7. april

Eg heiter Habib og går i femte. Eg vil eigentleg ikkje at nokon skal få lese dagboka. Det er jo privat, liksom. Habibi er arabisk for elskling, eg trur Habib betyr noko liknande. Det er fire kjempestore blokker i området der eg bur. Vi bur i ellefte etasje. Eg vil aldri flytte herfrå.

9. april

Pappa eig ein kafé. Han kom til Sverige frå Syria då han var seksten. Korleis han kom seg hit, veit eg ikkje. Eg har aldri vore i Midtausten. Eg har vore utanlands to gonger. Ein gong i Hellas, og ein gong i Florida. I Florida såg Tony og eg ein hai då vi bada.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 5A side 100.

Gjer oppgåvene 1a, 1b, 1c, 2, 3, 6 og 7.